

Men eg aa du de altfor sant

Tone: For Norge kjæmpers fødeland

- 1) Men eg aa du de altfor sant, me duger ikkje granne
so difyr syng me jamt aa samt, Gud signe fedrelanne
Det gagnar ikkje kva me saar, naar ikkje regn aa sol det faar
so utan Gud det ikkje gaar, for menneskje aa leva
- 2) Men um Gud signar hav aa land, aa gjev os rikleg føda
med daarleg styrenad endaa kan, ein leva uti møda
ein berre øydar kva ein faar, aa hegda aller tankje naar
dar komma kan sju magre aar, ein hadde raad aa løyva
- 3) Um Norrig turt aa bergfuldt æ, aa magert som ein hegre
paa eigne bein det kunne ste, naar folk hadd stelt seg bedre
ein laana tyskt aa svenskt aa franskt, eitt bokmaalspraak skal vera dansk
ein kristendom amerikansk, paa norsk so maa me frysa
- 4) Sjølvyrdna, vitskap, maal aa tru, aa mangslags mykje anna
kanone, kule, bysur, kru', forfengjelegt forbanna
desse ting dei krevs, me sjaa, men den so heve liti raa
da stora faar han gaa ifraa, da vel so godt seg greie
- 5) Naar berre folk ihopa heilt, aa heilt seg meira heima
eit fredleg sindelag da gjeldt, aa greia seg aaleina
me sjaa da uti sogatid, daa folk for fridom heve stridt
naar kvar er med aa gjere sitt, vil held aa lukka fylja
- 6) I kvart eit høve er det so, at nordmenn so er sinna
det nationale seint vil gro, soleis at ein kan finna
den kjendsla heil i nokon veg, at ein paa same tampen dreg
nei sanneleg ein er so treg, aa vøla brot aa brestar
- 7) Her er no slikt eit verdsens gnaal, um gamle Norrigs sæla
eit sei han Per, eit sei han Paal, aa tusund tungor mæla
aa syng um fedrars liv aa stræv, un kva den retta kjendsla kræv
ei hjartetru, ein vilje hæv, med von aa heimlaus vyrdna
- 8) Aa ja ein høyre mangslags kyt, fraa ein aa onnor gapen
so reknar alle ting til skryt, innundar skrapeskapen
ein møte upp ein fridomsdag, aa skiper til eit festlegt lag
so bær ein fram i friske drag, dei norske fridoms vonar
- 9) Me vilja ei for nokon pris, vort folk aa land skal styrast
so at dar kjem paa rakadis, av det me halda dyrast
aa i min hug det kjem so titt, giv at vort heimland var so fritt
at det kan kallast mitt aa ditt, aa kvar ein nordmanns eiga

10) Paa det so gagnar folk aa lann, me offrar mot aa styrkje
aa rein sjølvyrdna visa fram, i færd, i valg aa yrkje
til ting aa stevne senda menn, so verna um si bygd aa grens
so ikkje gløyma smaafolk hen, i deira stræv aa sakna

11) Aa kunne me faa sjaa det so, sjaa nordmenn soleis sinna
at norskdóm allesta fekk gro, rett fre aa trevna finna
den varma kjendsla, hug aa lyst, so kjærleg vendar bryst mot bryst
aa alltid kjendar seg so tyrst, aa gjera verk som dugar

12) Gud signe daa vort folk aa land, gjev i vort yrkje lukka
styr du kvar dugleg fyrgongsmann, det heile folkje sukka
til deg um fred, um ljós aa mot, so kvar faar sjaa at du er god
aa elsk aa hugna kunde gro, aa krig aa myrding kvælast